



ARTSDATABANKEN



Årsrapport 2021

Forside:

Bilde sopp: Dysterhette, *Mycena austera*.

Foto: Arne Aronsen, Naturhistorisk museum, UiO. Lisens: CC BY-SA 3.0

Bilde mose: Furutorvmose *Sphagnum capillifolium*

Foto: Kjell Ivar Flatberg, NTNU Vitenskapsmuseet. Lisens: CC BY 4.0

Bilde maur: Mørk sandmaur *Tetramorium caespitum*.

Foto: Arnstein Staverløkk, Norsk institutt for naturforskning. Lisens: CC BY-SA 4.0

Bilde snegle: *Scaphander lignarius*.

Foto: Manuel Malaquias. Universitetsmuseet i Bergen, UiB. Lisens: CC BY 3.0

Foto bakgrunn: shutterstock.com

Grafisk produksjon: Fagtrykk AS

Innhold

I. Leiarrapport	4
II. Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
III. Aktiviteter dette året og resultat	11
IV. Styring og kontroll i verksemda	24
V. Vurdering av framtidsutsikter	26
VI. Årsrekneskapen	27

I. Leiarrapport

Artsdatabanken er nøgd med samla måloppnåing i 2021, og måten vi jobbar på for vårt overordna mål. Både kvaliteten, omfanget og bruken av kunnskapen vi innhentar, samanstillar og formidlar aukar - til nytte for samfunnet.

Direktøren og styret har lagt Klima- og miljødepartementet (KLD) sitt mandat av 31.8.2018 og Instruks for verksemds- og økonomistyring i Artsdatabanken til grunn for styring av arbeidet.

Styret har hatt fem styremøte i 2021. Den rådgjevande forvaltingsgruppa for Artsdatabanken har hatt eit møte i 2021. Artsdatabanken har fått konstruktive synspunkt og råd frå medlemene i organet.

Styret har hatt fokus på prioriteringar i KLD sitt tildelingsbrev for 2021. Det er lagt særleg vekt på arbeidet med Økologisk grunnkart, Natur i Noreg og gjennomføring av arbeidet med ny Raudliste for artar. Lanseringa av ny utgåve av norsk raudliste for artar i november 2021 fekk mykje merksemd både i media og samfunnet elles. Raudlista for artar vil ha direkte innverknad på forvaltning av trua artar, og er også elles eit sentralt kunnskapsgrunnlag i samfunnsdebatten rundt naturmangfald.

Artsdatabanken har delteke aktivt i dei felles administrative funksjonane i miljøetatane. Dette arbeidet er viktig for oss som ein relativt liten etat, men set også krav til god oppfølging for å kunne bidra på same måte som dei andre, og i hovudsak vesentleg større, etatane. I arbeidet med å setje i verk dei administrative tiltaka i samordningsstrategien er styret framleis spesielt merksam på risikonivået ved overføring av IKT-drifta frå NTNU til Miljødirektoratet. For Artsdatabanken er drifta og stabiliteten av den tekniske infrastrukturen verksemdskritisk.

Artsdatabanken innser at potensialet for å i enda større grad nå ut i samfunnet med kunnskapen vår om naturmangfald fordrar utvikling av organisasjonen, våre tenester og korleis vi formidlar desse.

I andre halvår 2021 blei det lagt ned innsats i å vidareutvikle Artsdatabanken som nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald. Organisasjonsutviklingsprosessen involverte alle tilsette, leiinga og styret i Artsdatabanken, og hadde følgjande tema:

- Artsdatabanken sine faglege rammer
- Artsdatabanken sine administrative og økonomiske rammer
- Leiarfunksjonar i Artsdatabanken
- Korleis vi jobbar saman, på tvers og heimanfrå i framtida
- Framtidsbilete for Artsdatabanken

Arbeidet med å utvikle organisasjonen vidare resulterte i 2021 i ny strategi for Artsdatabanken som skal gjelde frå 2022-2024 og ny policy for heimekontor i Artsdatabanken. Arbeidet gav også eit godt grunnlag for anna vidareutvikling, og dette arbeidet vil ha høgt fokus også i fyrste halvdel av 2022. Målet er at vi i enda større grad skal nå visjonen vår «Artsdatabanken - samfunnet si kjelde til kunnskap om naturen sitt mangfald».

Covid-19 pandemien har prega Artsdatabanken også i 2021. Styret er godt nøgd med at Artsdatabankens tilsette, trass i utfordrande arbeidsforhold, har sytt for at viktige leveransar ikkje er vesentleg seinka og at kvaliteten på leveransane er halden oppe. Styret er likevel merksam på at situasjonen over tid har vore krevjande.

Arbeidsoppgåver og ressursbruk i 2021 har vore godt forankra i styrevedtak om årsplan og budsjett. Resultatoppnåinga har blitt rapportert kontinuerleg til styret gjennom året. Styret er godt nøgd med administrasjonen si planmessige utvikling og drift av verksemda.

Styret er godt nøgd med saksførebuingar, økonomistyringa og oppfølging av vedtak i styret i 2021. Styret er nøgd med at Artsdatabanken har fungert godt i tidsmessige lokale. Artsdatabanken sin økonomi er noko utfordrande sett i lys av oppgåvene i 2021.

Styret ser fram til vidare god dialog med KLD, andre relevante styresmakter og kunnskapssektoren, om framtidig organisering av og innhald i Artsdatabanken sitt samfunnsoppdrag.

Trondheim, 16. februar 2022

Bror Yngve Rahm

Vigdis Vandvik

Torborg Berge

Maria Pettersvik Arvnes

Kristoffer Bøhn

Snorre Henriksen

Rune Moe

Ledelsens beretning er elektronisk godkjent i digitalt styremøte

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Verksemd og samfunnsoppdrag

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald og har som hovudoppgåve å formidle oppdatert informasjon om arter og naturtypar og gjere den lett tilgjengeleg. Gjennom innsamling, systematisering og formidling av kunnskap, byggjer Artsdatabanken bruer mellom vitskap og samfunn. Artsdatabankens visjon er «Artsdatabanken – samfunnets kjelde til kunnskap om naturens mangfald»

Artsdatabanken er eit statleg forvaltningsorgan under Klima- og miljødepartementet, som blei skipa i 2005. Departementet har det overordna ansvaret for Artsdatabanken sitt mandat, oppnemning av styre og løyving av årleg budsjett.

Det meste av kunnskapen vi formidlar er tilgjengeleg gjennom nettbaserte tenester som alle finns på artsdatabanken.no. Kunnskapen vert brukt av svært mange ulike aktørar, både innan forskning, forvaltning og næringsliv, og Artsdatabankens samfunnsoppdrag kviler på samarbeidet med aktørane som produserer og bruker kunnskapen.

Artsdatabanken har ansvar for å:

- Innhente, vidareutvikle, kvalitetssikre og gjere tilgjengeleg kunnskap om arter og natur i Norge (NiN)
- Drifte og vidareutvikle karttenester for arter og natur i Noreg (NiN).
- Bidra i utvikling av økologisk grunnkart
- Foreta jamlege revisjonar av norsk raudliste for arter og norsk raudliste for naturtypar
- Foreta jamlege revisjonar av økologisk risiko for framande arter i Noreg
- Administrere Artsprosjektet som skal styrke kunnskapen om artsmangfaldet i Noreg i jf. eige mandat
- Utføre oppgåver som er i tråd med Artsdatabanken sitt formål
- Drifte og vidareutvikle infrastruktur for kunnskap om arter og økologi
- Vere ein aktiv aktør i relevante fora, både nasjonalt og internasjonalt

Hovudtal frå verksemda

Tabell 1: Tabellen vise utvalde hovudtal for tilsette og årsverk i 2019, 2020 og 2021.

	2019	2020	2021
Tal på tilsette	30	32	35
Tal på avtalte årsverk	30	32	34
Tal på utførte årsverk	29	29	32
Tal på tilsette per 31.12	33	35	35

I tildelingsbrevet for 2021, pkt. 5 med tilvising til Regjeringas mål for utvikling i talet på tilsette, står følgjande: «Det skal derfor i 2021 ikke legges opp til vekst i antall ansatte utenom særskilt begrunnede økninger».


Statistisk sentralbyrå sitt tal på tilsette viser eit gjennomsnitt gjennom året. I 2020 hadde Artsdatabanken fleire vakante stillingar, særleg innanfor IT, og var derfor avhengige av innleide konsulentar. Frå august klarte vi å få tilsett fleire IT-utviklarar, og to av desse var tilsett i heile 2021. I tillegg stod direktørstillinga ledig heile hausten og det blei ikkje tilsett ny kommunikasjonsansvarleg før september månad.

Utførte årsverk har auka frå 29 i 2019 til 32 i 2021. I 2019 hadde Artsdatabanken eit legemeldt sjukefråvær på 6,13 %, mens tilsvarende tal for 2020 og 2021 var 5,67 % og 2,54 %. To tilsette hadde foreldrepermisjon ca. 6 månader i 2020, og for ein av desse blei det ikkje tilsett vikar. Dette, saman med dei vakante stillingane i 2020, forklarar auken i utførte årsverk.


Talet på tilsette per 31.12. er ikkje endra i løpet av dei 3 åra.

Tabell 2: Tabellen viser utvalde hovudtal for tildeling, unyttingsgrad, driftsutgifter og lønn for 2019, 2020 og 2021

	2019	2020	2021
Samla tildeling post 01-99* (kr)	92 792 000	91 503 000	90 694 000
Utnyttingsgrad post 01-99* /(%)	94,6	93,53	98,50
Driftsutgifter (kr)	54 742 220	59 637 831	64 042 060
Lønsandel av driftsutgifter (%)	46,68	43,57	44,54
Lønsutgifter pr. årsverk (kr)	881 230	895 928	891 354




Figur 1 Artsdatabankens tildelingar 2006 – 2021 og årsverk utført av fast tilsette (tala er ikkje nødvendigvis heilt samanliknbare i heile perioden).



Figur 2 Viser utviklinga i besøk på nettstaden og to av våre tenester, Artsobservasjoner og Artskart

Løyvinger


Artsdatabanken sine samla løyvingar utgjorde i 2021 om lag 90,7 mill. kr.



Figur 3 Samla løyving pr. post

I tillegg til løyvingane over Statsbudsjettet fekk Artsdatabanken ei belastingsfullmakt på 0,5 mill. kr på 1410.22 frå Miljødirektoratet i forbindelse med arbeidet med kartlegging av artar.

Utgifter



Figur 4 Type utgifter fordelt på post

Dei totale lønsutgiftene på 1411.01 og 1410.22 var på om lag 28,5 mill.kr., noko som utgjør ein auke på 9,8 prosent frå 2020. Talet på utførte årsverk i Artsdatabanken auka frå 29 i 2020 til 32 i 2021.

Ein vesentleg del av Artsdatabankens oppgåver blir løyste i tett samarbeid med biologisk fagekspertise frå vitenskaplege institusjonar i heile Noreg. I 2021 gjekk om lag 50,5 mill. kr. til anten kjøp av eller tilskot til biologisk fagekspertise i samband med tenestene og produkta våre. Dette utgjorde om lag 55,7 prosent av dei totale løyvingane. Artsprosjektet stod for 25,1 mill. kr av dette. Bruken av desse midlane til tilskot og kjøp av eksperttenester har ein svært stor positiv verknad for mange av fagmiljøa i Noreg når det gjeld aktivitet knytt til kartlegging av artar, risikovurdering, metodeutvikling og oppbygging av kompetanse på taksonomi.

Styret

Styret har det overordna ansvaret for verksemda. Styret skal vedta årlege planar og budsjett for verksemda og godkjenne årsrapportar inkl. rekneskap.

Styret bestod pr. 31.12.21 av:

Bror Yngve Rahm, Norsk Industri, styreleiar

Vara: Lulie Aslaksen, Statistisk sentralbyrå

Vigdis Vandvik, Universitetet i Bergen (nestleiar)

Vara: Rolf A. Ims, UiT Norges arktiske universitet

Maria Pettersvik Arvnes, Norges fiskarlag (ny)

Vara: Nils Bøhn, Noregs skogeigarforbund

Torborg Berge, Sandnes kommune

Vara: Bård Bredesen, Oslo kommune

Kristoffer Bøhn, Sabima

Vara: Maja Aarønæs, Sabima

Snorre Henriksen, Artsdatabanken, representant for dei tilsette

Vara: Stine Svalheim Markussen, Artsdatabanken (representant for dei tilsette)

Rune Moe, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat

Vara: Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet

Det er avhalde fem styremøte i 2021.

Forvaltingsbrukargruppe

Forvaltingsbrukargruppa for Artsdatabanken er eit rådgjevande organ utnemnt av Klima- og miljødepartementet. Medlem i per 31.12.2021:

Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet

Vara: Daniel Hesby Mathé, Kommunal- og distriktsdepartementet

Rune Moe, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat

Vara: Anne Johanne Kråkenes, Noregs vassdrags- og energidirektorat

Elin Johanne Slettum, Statens vegvesen

Vara: Jarle Waage, Jerbanedirektoratet

Anne Kjos Veim, Fiskeridirektoratet

Gunnstein Bakke, Fiskeridirektoratet

Ivar Ekanger, Landbruks- og matdepartementet

Vara: Linn Viken Bøe, Landbruks- og matdepartementet


Yngve Svarte, Miljødirektoratet

Vara: Anne Sundbye, Miljødirektoratet

Artsdatabanken har i 2021 hatt eitt møte med denne gruppa.

Organisasjon og leiing

Organisasjonskartet såg per 31.12.21 slik ut.



Artsdatabanken held til på Pirsenteret i Trondheim.

Leiinga bestod pr. 31.12.21 av:

- Direktør Bjarte Rambjør Heide (ny frå 01.01.21)
- Seksjonsleiar Kart og risikovurderingar: Arild Lindgaard
- Seksjonsleiar IT: Stein Arild Hoem
- Seksjonsleiar Arter og naturtypar: Stine Svalheim Markussen (fungerande seksjonsleiar)

III. Aktivitetar dette året og resultat

Overordna resultatdel

Økologisk grunnkart

Gjennom den nasjonale satsinga på økologisk grunnkart, fekk Artsdatabanken i 2020 i oppdrag frå Miljødirektoratet å utvikle ein kartportal for relevante kartlag. Denne satsinga omfattar også Artsdatabanken sitt arbeid med NIN-kart og Artskart.

Etter lansering av kartløyisinga, «Portal for økologiske grunnkart» i desember 2020, har fokuset vårt retta seg mot å etablere mest mogeleg stabil drift, feilrettingar og arbeid med datasett. Datasetta som skal inn i løyisinga vert spelt inn via Direktoratetsgruppa for økologisk grunnkart der Artsdatabanken deltek i sekretariatet som blir leia av Miljødirektoratet. Datasetta skal også vere tilgjengelege via Geonorges kartkatalog. Dette blir løyst gjennom tett dialog og samhandling med Kartverket. Artsdatabanken har motteke gode tilbakemeldingar på tenesta sin funksjonalitet og brukartilpassing.

Natur i Norge

Artsdatabanken har hovudansvaret for å utvikle og leggje til rette NIN-metodikken slik at denne kan brukast i miljøforvaltinga og sektorane si kartlegging. Formidling av NIN på ein forståeleg og god måte er blitt høgt prioritert både på nettsida til Artsdatabanken og i rettleiingsmateriell.

NiN skal ligge til grunn for all offentleg kartlegging som skjer. Talet på prosjekt der NiN vert nytta har auka dei seinare åra. Miljøforvaltninga har i dei seinare åra satt ut kartlegging for om lag 50 mill. kr. årleg, ikkje medrekna kartlegginga i verna områder. Det same gjelder kartlegging i regi av andre sektorar og kommunar.

For å sikre høg vitenskapleg kvalitet på arbeidet med NIN er det etablert eit vitenskapleg råd. for NIN Rådet har ansvaret for å ta stilling til forslag til endringar i prinsipp, typeinndeling og system for beskriving i NIN, slik at systemet er mest mogeleg oppdatert etter gjeldande kunnskap om norsk naturtypevariasjon. Det vitenskaplege rådet for NIN skal levere ein revidert versjon av NIN i 2022, som etter planen skal lanserast i 2023. I 2022 vil eit revidert typesystem for ferskvatn og marint bli publisert.

Norsk raudliste for artar

Artsdatabanken gir ut og reviderer Norsk raudliste for artar. Revisjon av raudlista skal skje kvart sjette år, og ny raudliste for artar blei publisert i november 2021. Vurderingane blir gjennomførte av ekspertkomitéar oppnemnd av Artsdatabanken.

Resultata er presentert på Artsdatabanken sin nettstad og på ein lanseringskonferanse i Oslo i november. Databasen for søk, filtrering og presentasjon av vurderingane blei gitt ein kraftig lyft med forbetra funksjonalitet og brukartilpassing.

Detaljert resultatdel

1. Kunnskap om norsk natur

Artsnamnebase

Artsnamnebase er den sentrale namnetenesta for artar i Noreg, og inneheld per januar 2022 meir enn 218 000 vitskapelege namn og meir enn 47 500 populærnamn. Som i 2020 har Artsdatabanken jobba for å styrkje samarbeidet sitt med MusIT. Artsnamnebase skal bli det nye utgangspunktet for namn på objekta i museumssamlingane når MusIT-basen ikkje lenger vert vidareutvikla, og vi har derfor importert og revidert ei rekkje namn frå museumsbasane i Noreg også i 2021.

Arbeidet med ein ny og meir brukarvennleg versjon av Artsnamnebase held fram, og blir synkronisert med utviklinga av Eigenskapsbanken og NIN-kodebasen. Arbeidet har likevel blitt forsinka grunna koronapandemien, ettersom det har vore vanskeleg å gjennomføre naudsynte møter for diskusjon både internt og eksternt. Det har òg vore vanskeleg å få satt av nok ressursar internt i Artsdatabanken for utvikling og ferdigstilling av ny Artsnamnebase, noko som er uheldig. Artsnamnebase har ikkje blitt oppgradert sidan lanseringa i september 2009.

Eigenskapsbanken

Formålet med eigenskapsbanken er å forsyne samfunnet, særleg forskning og forvaltning, med standardisert informasjon om artane og naturtypane sine eigenskapar. Det er bygt ein database der ein samlar og gjer tilgjengeleg artane sin eigenskapsinformasjon for bruk i Artsdatabanken sine egne tenester og nettsider, samt for eksterne brukarar.

Artsdatabanken har i 2021 fått laga ei innsynsløysing der vi presenterer eit fyrste datasett med informasjon om artar og naturtypar i skog. Vi har begynt med å utvikle brukargrensesnitt der ein kan logge inn, legge til og redigere data. Vi har jobba saman med forskarar frå Centre for Scalable Data Access frå UIO for kunnskapsoppbygging rundt termar og ontologiar. Ekspertar på ulike organismegrupper har vore involvert i utvikling av termar og definisjonar av eigenskapar og skal levere eigenskapsdata om utvalde artsgrupper i løpet av 2022.

Natur i Noreg (NiN)

NiN har etablert seg som ein nasjonal standard for kartlegging av natur- og landskapstypar, naturvariasjon og økosystem i tråd med St meldinga Natur for livet (Meld. St. 14 (2015-2016) Artsdatabanken har etablert egne rettleiarar for kartlegging av naturtypar basert på NiN-systemet. Det vitskapelege rådet for NiN har vore i arbeid sidan 2008.

I 2021 har arbeidet skjett via ulike etablerte faggrupper: ferskvatn økosystem, marine økosystem, hevdproblematikk, landformer og arktiske økosystem. Formidling av NiN på ein forståeleg og god måte har vore høgt prioritert, i fyrste omgang gjennom revidering av noverande tekstar på nettsida til Artsdatabanken. Det same gjeld kontakt mot brukarane av NiN der Artsdatabanken har gitt fagleg stønad til feltkartlegging av natur etter NiN

Økologisk grunnkart

Etter lansering av kartløyninga, «Portal for økologiske grunnkart» i desember 2020, har fokuset vårt retta seg mot å etablere mest mogeleg stabil drift, feilrettingar og arbeid med datasett. Datasetta som skal inn i løyninga vert spelt inn via Direktoratets gruppa for økologisk grunnkart, der Artsdatabanken deltek i sekretariatet som blir leia av Miljødirektoratet. Datasetta skal også vere tilgjengelege via Geonorges kartkatalog, og dette blir løyst gjennom tett dialog og samhandling med Kartverket. Artsdatabanken har til no motteke gode tilbakemeldingar på tenesta sin funksjonalitet og brukartilpassing. Dette arbeidet gir eit godt utgangspunkt for betre samhandling om nye kart på tvers av ulike sektorar, med god fokus på tilrettelegging gjennom ein brukarvennleg portal.

NiN-kart

NiN-kart har no vore i drift sidan 2019. Pga. prioritering av portalutviklinga var det avgrensa kapasitet i 2020 for mobilisering og vidareutvikling. I 2021 har det blitt arbeid med ny datahausting frå Miljødirektoratet via API til NiN-kart, og ein oppgradert versjon med meir data og nytt/forbetra brukargrensesnitt vil bli publisert tidleg i 2022. Grunna Covid-situasjonen har den planlagde innsatsen på mobilisering av nye kart i samarbeid med dataeigarar/institusjonar, blitt redusert. Vidare arbeid med NiN-kart vil bidra til meir mobilisering av kartdata inn i økologisk grunnkart.

NiN-kodebase

I 2021 har Artsdatabanken etablert ein ny realasjonsdatabase for forvaltning og distribusjon av versjonerte NiN-kodar. Vi har fram til no forvalta NiN-kodar som datasett saman med resten av innhaldet på nettsidene våre, men får no eit verktøy til å sikre enda betre kontroll og stabilitet ved å etablere ein parallell til Artsnavnebase. Dette gjer at Artsdatabanken kan distribuere eit standardisert kodeverk for NiN-systemet, som er etterspurd både internt og eksternt.

Artskart

Kartenesta Artskart er ei viktig kjelde for stadfesta informasjon om førekomsten av artar i Noreg, og blir brukt av offentleg forvaltning, innan forskings- og utgreiingsarbeid, av ymse interesseorganisasjonar og av privatpersonar. Artskart er ein del av Artsdatabanken sitt arbeid med Økologisk grunnkart. I 2021 har Artskart hatt ein stor vekst talet på observasjonar som er tilgjengelege i kartportalen, frå 33 millionar observasjonar ved utgangen av 2020 til 48 millionar observasjonar ved utgangen av 2021. Av auken i 2021 på om lag 15 millionar funn, er vel sju millionar av typen «ikkje funne», slik at den reelle auken i artsfunn er på om lag åtte millionar. Bruken av Artskart har også auka kraftig, med 918 000 besøk på nettsida i 2020 og over 1 125 000 besøk i 2021.

I 2021 er det starta eit arbeid med å revidere og vidareutvikle søkjefunksjonaliteten i Artskart for betre å møte behova til fleire brukargrupper. Blant anna er det no mogeleg å søkje på eigedom med gards- og bruksnummer, noko som kan vere nyttig for eksempel i kommunal arealplanlegging og for skognæringa. Det er òg utvikla ny funksjonalitet som gir lettare tilgang til informasjon om enkeltobservasjonar ved at kvar enkelt observasjon har fått sitt eige autogenerated faktaark.

Artsdatabanken har etablert eit nytt system for å dokumentere og arkivere alle nedlastingar frå Artskart, og gi alle nedlastingar ein Digital Object Identifier (DOI) som kan brukast for å referere til og finne igjen datasettet som er lasta ned. Denne funksjonaliteten vil vere nyttig blant anna når data frå Artskart blir brukt for eksempel i konsekvensutgreiingar eller forskning.

Artsdatabanken og Norsk Polarinstitutt har sett i gong eit samarbeid for å leggje til rette for at ein større del av Polarinstituttet sine data vert synlege og tilgjengelege i Artskart. Artsdatabanken ser på dette som eit viktig arbeid, då data frå arktiske område i dag er underrepresenterte i Artskart. Erfaringar frå arbeidet med tilrettelegging og publisering av data frå Polarinstituttet vil vere eit utgangspunkt for å arbeide vidare med å mobilisere data frå marine økosystem.

GBIF

Artsdatabanken og GBIF-Noreg har ein samarbeidsavtale, og har samarbeidd om datamobilisering frå datakjeldene også i 2021. GBIF-Norge, med sekretariatet sitt ved NHM-UiO, har fram til desember 2021 hatt ei mellombels finansiering frå Forskningsrådet. Det er utgreitt ein ny modell for GBIF-arbeidet i Noreg, der vidare finansiering og organisering no er stadfesta gjennom infrastrukturfinansieringa til Forskningsrådet. Vidare arbeid gjennom den nye modellen startar i 2022.

Her vil eit konsortium ta ansvar for vidare drift av GBIF-Noreg. I tillegg til GBIF-noden på NHM-UiO og Artsdatabanken, deltek også universiteta i Bergen, Trondheim og Tromsø, samt NINA. Artsdatabanken vil delta, saman med GBIF-noden, på dei årlege styringsmøta til GBIF internasjonalt (GBIF Governing Board). Det er venta at det nye GBIF-konsortiet vil auke og betre innsatsen på flyten av artsdata i Noreg i åra framover.

Artsobservasjoner

Litt meir enn to millionar observasjonar er lagde inn i Artsobservasjoner av allmenta i 2021. Talet på registreringar er dermed likt åra før 2020. I 2020 hadde vi rekord i registreringar i tenesta med 2,5 millionar observasjonar. Artsobservasjoner inneheldt ved årsskiftet 2021/2022 over 26,7 millionar observasjonar.

Arbeidet med teknisk oppgradering mot versjon 3.0 starta i 2020 og vil i tillegg sørge for universell utforming og auka brukertilpassing for alle brukargrupper. Arbeidet har so langt vore retta mot søk og filter, ny og tidlegare presentert statistikk, tal og tekster om tenesta. Idéar og fundamentale endringar og oppgraderingar for heile løysinga inkludert megamenyen og pålogging er òg diskuterte.

Artsobservasjoner 2.0. blir parallelt drifta med utviklinga av versjon 3.0, men arbeidet er prioritert ned. Alle framandartskategoriane er lagde til og taksonomiske endringar på alle fuglenamn frå Artsnavnebasen er oppdaterte i Artsobservasjoner. Vi har starta å reie ut å implementere validering av karplanter gjennomført av ekspertane på Raudlista for artar.

Det har vore ei utfordring at alt samarbeid har måtte skje i form av videomøte i koronaperioden. I tillegg blir prosjektet påverka av forsinka serverflytting i regi av Miljødirektoratet. Vi testar om WordPress er eit betre verktøy for tekster og nyhendesaker framfor gammal versjon av Drupal.

Det er gitt økonomiske tilskot til Sabima og BirdLife Norge (tidlegare Norsk ornitologisk forening) til kvalitetssikring av funn, brukarstøtte, testing og formidling om Artsobservasjoner.

Det har kome inn 984 meldingar i supportsystemet i 2021, og Artsdatabanken har svart på 158 av desse (+33 om Artsorakelet). Resten er svart på av Sabima og BirdLife Norge.

Artsprosjektet

Frå 2009 og fram til i dag er det funne nær 3750 nye artar for Noreg. Av desse er omlag 30 prosent nye artar for vitskapen. I 2021 har sju kartleggingsprosjekt avslutta - på kammaneter, slørsoppar, tykksekk-soppar, augefluger, soppmygg, bjørnedyr, fleirbørstemarkar. Desse sju prosjekta har til saman oppdaga

over 200 nye artar for Noreg. Kartleggingsprosjekta fører til auka kunnskap om dårleg kjende artsgrupper og styrkjer kompetansen og rekrutteringa innan taksonomi og biosystematikk. Data frå Artsprosjektet kjem samfunnet og forvaltinga til gode gjennom Artsdatabankens produkt og tenester.

Artsdatabanken fekk i 2021 inn 23 nye søknader om tilskot til kartlegging av artar. Totalt budsjett for alle søknader var på kr 77,696 mill.; av dette blei det søkt om tilskot frå Artsdatabanken på kr 56,687 mill. Etter ei ekstern vurdering og gjennomgang i prosjektgruppa vedtok styret i møte 16.2.2021 til saman kr 21,513 mill. til åtte prosjekt for kartlegging av artar for perioden april 2021 - oktober 2024. I september 2021 ble det lyst ut midlar til tilskot til kartlegging av artar for prosjekt som kan starte opp i 2022. Her fekk Artsdatabanken inn 25 søknader.

For å styrkje rekruttering, og byggje kompetanse om biosystematikk og artar, er det inngått samarbeidsavtalar med Forskerskolen i biosystematikk og Norwegian Barcode of Life.

Artar på nett

Artar på nett har som mål å gi ulike brukargrupper enkel tilgang til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om alle artane som finst i Noreg. Tenesta samlar, genererer og deler opne data i form av tekst, bilete, film, lyd og nøklar til å bestemme artar. Artar på nett tek imot data frå Artsprosjektet, i tillegg til å setje i gong reine Artar på nett-prosjekt under samarbeidsavtalar med vitskaplege institusjonar. Totalt er det per 31.12.2021 laga 16 nøklar og informasjon om ca. 3600 taksa. På Artsdatabankens nettside er det no godt over 15 000 bilete og nær 300 filmar tagga med taksa.

I 2021 er det laga informasjon om mosar, vårfluger og nakensniglar. I tillegg er ein slektsnøkkel til augefluger publisert. Fem institusjonar jobbar no med å leggje til rette informasjon inn i Artar på nett: NHM, UIO utarbeider karplantesider (bartre, vierfamilien og soleiefamilien), vårfluger (del III), skorpelav og trøflar, NINA legg til rette slørsoppar, BioFokus legg til rette kjuker, UiT lagar sider om kammaneter og NTNU Vitenskapsmuseet jobbar med flekklav (del I), nakensniglar (del II), mosar (del IV), marihøner, bjørnedyr og fleirbørstemarkar. Artsdatabanken har tett dialog med og gir hjelp til prosjekta, for å sikre god kvalitet.

I Artsdatabankens nye Artsorakel er det lenka til Artar på nett frå trefflista, dersom vi har informasjon om arten der. Dette gir brukarane meir informasjon om arten dei har fått treff på, og kan hjelpe dei med å avgjere om orakelsvaret var riktig eller ikkje.

Ved å gjere artsinformasjon av høg kvalitet lett tilgjengeleg, hjelper Artar på nett til med å lette identifiseringa av artar og aukar rekrutteringa innan floristikk og faunistikk. Dette vil i neste omgang gi auka kvalitet og kvantitet på observasjonsdata.

Heilskapleg dataformidling

Framsidesøket blei våren 2021 gjennomgått for å tilfredsstillе krava til universell utforming. Etter justeringa følgjer søket retningslinjene til WCAG 2.1.

Hausten 2021 vert det etablert ei ny løysing for samanstilling og visning av data på artssidene våre. Desse sidene er sider som samanstillr all informasjonen vi har om artar frå ulike databasar. Sidene er ei forlenging av framsidesøket, og presenterer brukaren for eit samandrag av all informasjon vi har om arten/ artsgruppa, saman med mogelegheita til å gå vidare til dei ulike tenestene våre. Den nye løysinga vil gjere det lettare å endre visning og oppdatere sidene med nytt innhald. Så langt har visninga av raudliste- og framandartskategorien til artane vorte forbetra.

Artsorakel

Artsorakel er ei teneste som brukar maskinlæring til å identifisere artar på bilete. Tenesta har ein app og ei nettside som er fritt tilgjengeleg for alle.

Etter ein start som pilotprosjekt i samarbeid med Naturalis Biodiversity Center i Leiden, Nederland, i 2019, blei ein betaversjon av appen lansert i juli 2020. I 2021 blei dette vidareført som eit eige prosjekt med kontrakt om stabil drift og oppdateringar av modellen. Oppdatert modell for 2021 inkluderer både bilete som har kome inn via Artsobservasjonar sidan vår 2020, bilete levert av tredjepartar som UIB, og denne gongen også bilete av artar som er unnateke offentlegheit, som store rovdyr. Denne nye modellen, og eit heilt nytt grensesnitt for appen, blei lansert tidleg sommar 2021. Artsorakelet får ein god del merksemd i media, sosiale media og faglege miljø, og bruken har auka frå litt over 10 000 i 2020 til vel over 15 000 spørjingar på ein gjennomsnittleg sommandag i 2021. I juli blei tenesta brukt nesten 520 000 gonger, ein ny rekord. Fokuset i formidlinga vår er at dette er eit verktøy, ikkje ein fasit. Responsen har i det store og det heile vore veldig positiv. Det er stort potensiale for integrering av Artsorakelet i noverande og nye tenester.

Det er interesse for samarbeid på teknologi og innhald frå Sverige, Danmark og Nederland. Dette blir følgd opp i samarbeidet med Naturalis. Våre brukarar kjem med gode tips og tilbakemeldingar, som blir tekne med i utviklingsarbeidet. Personleg historikk av bilete og observerte artar er særst etterspurd funksjonalitet, og dette er planlagt implementerte i løpet av 2022.

Norsk raudliste for artar

Fjerde utgåve av Norsk raudliste for artar blei lansert 24. november 2021 i Oslo, på ein fysisk konferanse som i tillegg blei overført direkte på nett. Presentasjonane hadde stor fagleg breidde og ga ei god framstilling av status og tilstand for artsmangfaldet i Noreg. Alle presentasjonar og opptak frå lanseringa er tilgjengeleg på nettstaden vår. Det var 170 påmeldte på konferansen og god deltaking på nett. Lanseringa fekk svært brei dekning i media. Størst merksemd blei det rundt vill-laks som kom inn på Raudlista for første gong.

Databasen for søk, filtrering og presentasjon av vurderingane har også fått eit kraftig løft med forbetra funksjonalitet, brukartilpassing og resultatvisning. Raudlistenettsidene inneheld 54 nye eller reviderte artiklar som presenterer resultatata, artsgruppene, metoden mm. Ekspertkomitéane har i 2020 og 2021 jobba med å revidere vurderingane frå 2015. Alle artsgrupper, med unntak av spretthalar, er reviderte. Nokre marine artsgrupper, som ikkje blei revidert i 2015 pga. mangel på ekspertar, ble revidert i denne gongen. Betre kunnskapsgrunnlag har også gjort det mogeleg å vurdere fleire artar innanfor fleire ulike artsgrupper for første gong. Talet på artar vurdert for Noreg aukar difor frå ca. 21 000 til ca. 23 400, noko som utgjør halvparten av Noregs kjende artar. Talet på artar vurdert for Svalbard er uendra.

Resultata frå Raudlista 2021 er levert til SSB si rapportering til OECD for 2021. Resultata er også gjort tilgjengelege via ulike nettløysningar slik at tenester som til dømes Miljødirektoratet sin Naturbase og NIBIO sin Kilden kan vise fram oppdatert raudlistekategori for artar.

Eit sentralt mål for prosjektet har vore å forbetre objektiviteten og moglegheita for å etterprøve vurderingane, og å harmonisere kriteriebruken på tvers av artsgruppene. Tett oppfølging av komitéane, og ein liten auke i budsjettet, har gitt ekspertane moglegheit til å forbetre dokumentasjonen av vurderingane. Vi ser at dette har hatt den ønskte effekten og hovudmåla for prosjektet er i stor grad oppnådd. Det er likevel viktig å peike på at kunnskapsgrunnlaget for mange artsgrupper framleis er svakt, og for nokre grupper har vi lite ny kunnskap sidan 2015. Artsdatabanken har gjennom tett dialog med komitéane hjulpet til med å innhente noko relevant informasjon, og med å harmonisere bruken av kunnskapsgrunnlaget.

Som i 2015 blei foreløpige vurderingar lagde ut for offentleg innsyn, der hovudformålet var å få tilbakemeldingar på kunnskapsgrunnlaget. Det vart arrangert eit webinar der formålet med innsynet blei presentert. Nokre av ekspertkomitéleiarane presenterte også førebelse vurderingar som vi ønsket tilbakemelding på eller som vi forventa det kunne bli diskusjon rundt. Det kom inn ca. 250 tilbakemeldingar som alle blei behandla og svart på av dei respektive leiarane av ekspertkomitéane. Det kom flest tilbakemeldingar på karplanter, fuglar, lav og pattedyr. Det var fleire artar som fekk endra kategori som følgje av innspel som kom inn. Før innsynet blei representantar frå Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet orienterte om dei førebelse resultatane, med fokus på artar det er mykje politisk interesse for (til dømes store rovdyr) og jaktbare artar sidan jaktidsforskrifta er under revisjon. I oktober hadde vi ein ny gjennomgang av vurderingane av jaktbare artar for KLD og LMD i forbindelse med revisjonen av jaktidsforskrifta. Vi har også via Miljødirektoratet gitt KLD innspel på mål og indikatorar for vidare forhandlingar under Konvensjonen for biologisk mangfald – CBD. Resultata for raudlisteartar i skog vart presentert for LMD i forkant av lanseringa og det blei eit oppfølgingsmøte etter lanseringa der tolking av resultatane var tema.

Norsk raudliste for naturtypar

Redusert aktivitet her grunna arbeidet med raudlista for artar. Overordna resultat og tematiske tekster i Norsk raudliste for naturtypar 2018 er omsett til engelsk, og lagt ut på www.biodiversity.no.

Framande artar i Noreg - med økologisk risiko

Aktiviteten i 2021 var knytt til arbeidet med neste framandartsliste, som er planlagt lagt fram i 2023. Med utgangspunkt i innspel frå eksterne brukarar, og i Artsdatabanken sine egne erfaringar frå 2018, er det gjort justeringar i retningslinjene. Tradisjonelle produksjonsartar vil ikkje bli unnateke risikovurdering slik dei blei i Framandartslista 2018. Artsdatabanken si oppgåve er å vurdere alle framande artar, innanfor nokre avgrensingar. Risikovurdering av regionalt framande artar vil berre omfatte fisk i ferskvatn, basert på innspel frå bl.a. Artsdatabanken si forvaltingsbrukargruppe.

I alt 30 ulike institusjonar blei invitert til å kome med innspel på bruken av framandartslista som kunnskapsgrunnlag og på korleis vi kan formidle framandartslista på ein enda tydelegare måte. Alle innspel er gjennomgatte og vi har hatt nyttige oppfølgingsmøte i etterkant, både med Gartnerforbundet, Eliteplanter og Landbruksdirektoratet.

Mykje av aktiviteten har vore knytt opp mot tiltaksplanen Bekjempelse av framande skadelege organismar 2020 -2025. Artsdatabanken har teke ansvar i tiltak 10 Auka innsats på risikovurdering av dørstokkartar. Artsdatabanken sine moglege roller i tiltak 9 Jevnlege vurderingar av effektar av framande artar anna enn økologisk risiko og tiltak 11 Auke kunnskapen om framande artars samla påverknad på ulike økosystem er presentert for Artsdatabanken sitt styre, og det er opna for vidare dialog med Klima- og miljødepartementet (KLD).

For å følgje opp tiltak 10 vart det utarbeidd ei liste over potensielle dørstokkartar for Noreg, som eit grunnlag for ei horisontskanning. Horisontskanninga avdekkjer kva for artar som går vidare til full risikovurdering. Metoden for horisontskanning vart utvikla i samarbeid med Artsdatabanken i Sverige og Norsk institutt for naturforskning. Ei slik grundig og systematisk tilnærming har ført til at 950 dørstokkartar skal risikovurderast i 2022 (mot 319 i førre framandartsliste). Dette vil gje eit betydeleg betre kunnskapsgrunnlag om dørstokkartar og er eit fyste steg i arbeidet med å setje inn tiltak for å redusere spreinga av framande artar, slik tiltaksplanen har som mål. Arbeidet er gjort av ekspertar frå ulike vitskaplege institusjonar, i samråd med Artsdatabanken. Ein meir systematisk gjennomgang av dørstokkartane medfører ein stor auke i talet på artar som skal risikovurderast, og dermed også ein auke i kostandane. Risikovurderingane av framande artar startar januar 2022.

Eit stort arbeid er lagt ned i oppgradering av framandartsbasen, der all informasjon og dokumentasjon knytt til risikovurderinga blir lagra. Det er òg utarbeidd ein eigen brukarmanual til basen, for å auke brukartilpassinga.

Det har vore fleire formidlingsoppdrag i samanheng med Artsdatabanken sitt arbeid med framande artar; bl.a. for universitet og på Miljøfagkonferanse for Statsforvaltarane i regi av Miljødirektoratet. Vi har fått god respons på nyhendesaker og innslag i radio. Det er òg arrangert webinar om korleis du kan få varsel om nye observasjonar av framande artar (funksjonaliteten er knytt til Artskart).

2. Brukarorientering og kommunikasjon

Det overordna målet med formidlingsarbeidet i Artsdatabanken er å auke medvitet i samfunnet om Artsdatabanken sine tenester, og kva vi ønskjer å bidra med i samfunnsutviklinga. Kommunikasjonsarbeidet skal føre til at kunnskapen vår blir lagd til grunn når bruken av naturressursar blir diskutert og avgjerder skal fattast.

Å lukkast med denne ambisjonen krev både at vi vekkjer meir engasjement i det breie lag av befolkninga enn i dag, og klarer å vere i medvitet til viktige samfunnsaktørar og avgjerdstakarar.

Kommunikasjonsarbeidet i Artsdatabanken blei påbegynt rigga om hausten 2020 for å vere betre rusta til å oppnå måla våre. Det blei lagt til rette for betre arbeidsflyt, meir regelmessig publisering og betre redaksjonell drift.

Vurderingar

Artsdatabanken har ved direktøren hatt fleire kronikkar som omhandlar arbeids- og ansvarsområda våre på trykk i riksdekkjande medium. Vi har freista å kome med motsvar i media raskt, når kvaliteten eller integriteten til produkta eller tenestene våre blir dregen i tvil av andre samfunnsaktørar. Strategien med eit meir framoverlenet og utovervend tilnærming til media og samfunnskommunikasjon har lukkast bra, sjølv om vi ikkje alltid kommer til orde når vi ønsker fordi vi ikkje tar side i aktuelle spørsmål. Arbeidet etter denne linja vil bli vidareført i 2022.

Mediemarksemd

Mengda oppslag i redaksjonelle medium har gått noko ned frå 2020 til 2021. Ved nærmare ettersyn ser vi også at Norsk raudliste for artar truleg har sett rekord i talet på saker. Vi har også fått fleire saker i større riksmedium og etermedium, som NRK, Dagsavisen, P4, og fleire saker i regionale etermedium - spesielt i distriktssendingane til NRK. Medieoppslag kan ikkje berre målast i mengda saker - kva saker det er, i kor stor grad Artsdatabanken er kjelde og kor stort nedslagsfeltet til mediet er òg viktig. Det som er redusert er talet på saker i lokale medium og fagpresse. Dette til tross for at Raudlista for artar blei mykje omtalt i lokalpressa og næringsspesifikke medium. Det er vanskeleg å finne ein einskild årsak til denne reduksjonen frå tidlegare år, men både søket i systemet vårt for medieovervaking og nokre få enkelthendingar kan ha spela inn. Til dømes vil stor spreiding av ein framand art eller mykje debatt rundt visse utbyggingar kunne gi mange oppslag. Dersom 2021 hadde færre slike hendingar enn 2020 vil det fort kunne gi utslag i talet på lokale saker der Artsdatabanken er nemnd. Vi skulle gjerne sett Artsorakel meir omtalt

i både lokal- og riksmmedia. Dette er ei av satsingane for 2022. Oppsummert er vi nøgde med utviklinga i mediemerksemd, men konklusjonen på slutten av 2021 er at vi må jobbe meir med region- og lokaltilpassa stoff og få eit betre nettverk blant dei aktuelle journalistane i tillegg til den pågåande satsinga med å setje meir debattagenda nasjonalt.

Eigenprodusert innhald til eigne kanalar

Artsdatabanken bidrog også i 2021 til Miljøstatus.no.

Det har gjennom 2021 blitt arbeida med universell utforming på Artsdatabanken sitt søk på framsida av nettstaden. Vi ser at søket, som har ein sentral plass på fronten, må bli mykje betre, og at vi vil kunne få meir trafikk på dei andre sidene ved hjelp av dette. Det vil også gi oss moglegheit til å fremje enkelttenester tydelegare, og drive meir kampanje-prega marknadsføring av desse. Framsida av nettstaden har elles fått vere som han er i påvente av ei større forbetring.

Det er etablert webinarstudio i Artsdatabanken sitt lokale, med alt nødvendig utstyr for å produsere egne webinar. Tre webinar er produsert, og på tampen av året vert studioet rigga meir for å også å kunne produsere videoar i opptak. Satsinga på webinar er styrka ved tilsetjing av ein medarbeidar med spesiell kompetanse på dette området. Målet er å produsere meir stoff eigna for såkalla sosiale plattformer, og å redusere mengda lange tekster, innanfor dei grensene universell utforming set. Vi er nøgde med at vi har kome godt i gong med meir levande bilete-arbeid, sjølv om vi ligg etter samfunnsutviklinga på dette området akkurat no.

Talet på eigenproduserte saker er framleis for lågt. Ambisjonen er ei sak per veke i snitt jamt fordelte ut over året, med nokre unnatak på sommaren. Det vil seie cirka 40 eigenproduserte saker per år og talet på saker gjekk ned frå 31 i 2020 til 29 i 2021. Altså eit godt stykke unna målet. På slutten av 2021 blei det likevel vurdert om vi skal endre arbeidsmåten rundt slik saker og heller produsere ein straum av faglege nyhender med lågare terskel. Arbeidet med å få oversikt over og rutine på det redaksjonelle arbeidet har gått sær bra i 2021 og det ligg an til ei forbetring og effektivisering i 2022. Vi skifta òg fokus frå tekst meir over til seriar av bilete, levande bilete og meir sosialplattform-vennlege format på slutten av 2021.

Vi har valt å dele mindre på Facebook i 2021 fordi vi ser at det er det unike og eigenproduserte stoffet som fangar merksemd og fører til trafikk. Enkle analysar av facebookbruken og forskning/undersøkingar gjort hos andre, viser at deling av saker som er på sida av det kjernepublikumet har «abonnert» på ved å like vår side, gir ei negativ oppfatning av sida og mindre engasjement. Vi deler derfor no alt det vil sjølv publisere og er elles «gjerrige» på kva vi deler. Det fører til ein nedgang i talet på publiseringar men meir jamn publisering, og ein auke i «reach» (Reach er Facebook si måleining for engasjement per sak). Vi ser også at talet på følgjarar aukar jamt og har ein god utvikling.

Instagram vert brukt på same måte som tidlegare, men vi la om organiseringa av Instagram-arbeidet vårt på slutten av 2021 med det mål å få meir engasjement - spesielt blant unge vaksne. Meir bruk av levande bilete og mindre preg av deling av saker er metoden. Twitter har blitt for lite brukt i 2021, noko som skuldast ei kanskje misforstått varsemd. Dette kan ein sjå att også i talet på saker og talet på «impressions». Vi ser likevel at vi får fleire følgjarar, truleg fordi vi har teke ordet i fleire debattsaker i 2021. LinkedIn har gått frå i praksis ikkje vere i bruk, til å bli brukt noko. Det krev minimalt med innsats og vil truleg styrkje oppfatninga av oss som arbeidsgivar. Vi produserte fleire videoar i 2021 enn tidlegare år, og har bestemt oss for å bruke YouTube som vår primærplattform for video fordi dei har sær mange brukarar. Vi ser effekten av at vi lagar fleire videoar, sjølv om dette førebels har liten effekt på besøkstala våre totalt.

Tal kanalar og eigeninitierte innlegg

Kanal	Innlegg			Følgjarar			Bruk	
	2019	2020	2021	2019	2020	2021	2020	2021
Artsdatabanken.no	22*	31*	36*	NA	NA	NA	1 430 505 besøk	1 617 141 besøk
Facebook	134	110	112	6300	7 308	8 000	165 934 «reach»	228 113 «reach»
Instagram	15	64	89	1200	1 750	2 400	NA	NA
Twitter	71	45	65	1200	1 350	1 500	112 262 «impres- sions»	79 457 «impres- sions»
LinkedIn	0	0	9	14	17	52	NA	193 besøk
YouTube	0	0	20	12	30	62	3702	3751
